

Meir himmel på jorda

KYRKJEBLAD FOR ÅL

Nr. 3 - 2024
Årgang 65



*"There is a crack in everything
That's how the light gets in"*

Anthem, Leonard Cohen

Å komme til seg sjølv

Les mer om Sange fjell naturkatedral på midtsidene.



God ny haust ...

DET ER EIN BRIST I ALT. Eit sår. Eit arr. Også i det som ser ut til å vere perfekt.

MYKJE ER PERFEKT på overflata. Men ingen kjem utanom det som kan øydeleggje dagane, og ta nattesøvnen frå oss. Livet set merke. På godt og vondt.

ALLE HAR SITT, seier vi. Men nokre har meir enn andre. Det er ikkje alle reknestykke som går opp. Rettfærd er ikkje alltid ei rettesnor for livet. Mykje handlar om flaks og uflaks. Eller kva ein vél å kalla det. Nokre gonger må vi hauste det vi sår. Andre gonger må vi hauste der vi ikkje trudde det var mogeleg. Det er berre vondt. Urettfærdig og meiningslaust.

EIN GONG i førstninga var alt perfekt. I Guds og menneske sitt univers. Så kom tvilande tankar, forlokkande freistingar, og kvite løgner. Som øydela tilliten mellom menneske.

DET SAMME skjer dagleg. I barnehagar og skulegardar. På arbeidsplassar, i heimar og familiar. Og i vår store, politiske verd. Det skal lite til for å forstyrre tilliten og tryggleiken mellom menneske. Han er skjær og sårbar.

EG TRUR PÅ EIN GUD som tek livet og verda på alvor. Som tek menneske på alvor. Som tek glede og sorg på alvor. Som tek sår og arr på alvor. Som elsker utan vilkår.

Kom heim!

«Meir himmel på jorda» handler om at flest mulig skal føle tilhørighet og finne sitt pusterom i kirkerommet. At kyrkja kan vera ein heim der alle døypte kjenner seg heime frå vogge til grav, i gode og vonde dagar. At vi kan

vera ein heim der tilhøvet til Jesus og våre medmenneske er viktigare enn alskens aktivitetar. At vi kan vera ein heim, der ein trivst, veks og vert utfordra som heile menneske.



Vigdis Moen Storhaug.

SJÅ, EG SKAPAR noko nytt, seier Gud. Til sine barn. Uansett kven vi er. Uansett kor vi er i livet. Det tyder ikkje nødvendigvis at vi får det vi ønskjer oss aller mest. Kan hende er det noko som aldri kan gjenopprettast eller tilgjenvast. Men tilgjeving tyder ikkje at vi godtek alt som er skjedd. Sjølv om vi må akseptera at det er som det er.

TILGJEVING KAN KREVE kampar og prosessar. Over tid. Men det kan vere verdt det. Fordi vi har mykje å tena på det. Istaden for å bere på det vonde og

bitre. Og la det siva ut og mørkleggje tankar og kjensler.

VI KAN I STOR GRAD velje fokus. Vi kan sjå oss bitre på det som er øydelagt. Vi kan òg sjå nye moglegheiter der noko er øydelagt. Fordi sprekker og brister kan slippa inn lys og luft. Ny energi. Nye perspektiv.

NOKON FÅR HJELP av samtalegrupper eller terapi. Andre får hjelp av sjelesorg eller mental trening. Nokon får hjelp av fysisk aktivitet. Andre finn hjelp i kunst, musikk eller stille. Eller ved å be, og leggje livet i Guds hender. Det viktigaste er å opne opp.

I GUDS VERD er det alltid mogeleg å skapa noko nytt. Det er lettare sagt enn gjort. Det kan bety årelangt arbeid. Og mange tårer. Men der noko er øydelagt, er det òg mogeleg å skapa noko nytt. Noko vi aldri hadde tenkt eller trodd kunne gå an. Noko som set oss på nye spor. Spor av Guds omsorg. Midt i alt som er øydelagt. Fordi ein-kvar brist kan gje lyset rom. Også når det går mot haust.



Engelen er laga av knust glas. Eit symbol på at det som er knust og øydelagt kan bli til noko nytt og vakkert.



Svetlana Anistratenko.
Foto: Line Bakke.

Vil savne fellesskapet

Hvordan har det vært å komme til Ål og jobbe som kirkeverge?

Som kirkeverge jobber man bredt med en rekke oppgaver, fra HR til bygningsvedlikehold, og det er mange baller i luften. Selv om det har vært utfordrende, har det også vært svært meningsfullt, sier Svetlana. Jeg har fått masse støtte fra både ansatte og fellesrådet. Ål kirkelige fellesråd er et kompetent organ med mye entusiasme og kunnskap. De verdsetter kirkens demokrati, samtidig som de har mye praktisk kompetanse i mange felt.

Hva er du mest stolt over?

Først og fremst er jeg stolt over å ha vært den første kirkevergen i landet med innvandrerbakgrunn. Jeg er også stolt over menneskene jeg har jobbet med. En fantastisk gjeng av profesjo-

nelle og engasjerte personer som har stått sammen i flere større prosjekter, blant annet minnelunden.

Hva har vært mest utfordrende?

Jeg vil ikke nødvendigvis si utfordrende, men det kan være litt skuffende at folk noen ganger glemmer hvor mye kirken kan tilby. Vi har tre vakre kirkebygg – Ål, Torpo og Leveld – samt den fantastiske Vats fjellkirke. Jeg håper at de blir brukt mer, med flere arrangementer, konserter og samlinger. Et annet viktig prosjekt jeg har jobbet

med, er kartleggingen av investeringsbehovene. Alle kirkebyggene og kirkegårdene trenger oppgradering på ulike nivåer. Leveld kyrkje trenger særlig mye omsorg, og jeg håper det kan bli gjennomført en helhetlig rehabilitering av Leveld, Ål, og Torpo innen 2030, når alle tre fyller 150 år.

Hva kommer du til å savne mest?

Familien flytter tilbake til Trondheim, og jeg vil savne hallingene, spesielt ålingene. De er morsomme, utadvendte, lett å prate med, varme og imøtekommande. Ål har en unik atmosfære og et sterkt fellesskap som jeg vil savne. Det er mange små ting som skaper mening, som å spise middag i kirkestuen på Supertorsdager eller å hilse på babyer under Babysang. Jeg vil også savne den vakre naturen og kirkebyggene. Jeg vet at jeg tar Hallingdal med meg i hjertet for livet.

» Først og fremst er jeg stolt over å ha vært den første kirkevergen med innvandrerbakgrunn.

Å komme til seg sjølv

ETTER EIN DEL ÅR med levd liv har ein ofte hatt fleire epokar med krevjande livsvilkår. Mange kjem i slike periodar i berøring med uro. Det kan vere ei kjensle av ikkje å ha djupe nok røter og dermed kjenne at ein har ei åndeleg lengt. Ofte går ein då på leit etter nye redskap for å få utvida språk og tankar. Ein treng med andre ord kart og terreng på si eiga pilgrimsvandring.

MANGE FORTEL om at dei har måtte ta meir bevisste valg på kva ein velger å rette oppmerk-somheten mot. Det gjelder å våge og stoppe opp for å lytte til seg sjølv. Da kommer ein i posisjon til å vekse seg fri i sin eigen kropp, i sin ånd og i sine eige tankar. Gjennom stillhet, sansing og åpenhet kan man betre forstå det som ER på ein utvida måte.

Å MØTE MEG SJØLV er å møte den Gud har skapt meg til å vere. I møte med meg sjølv møter eg også Gud. I det møtet oppdagar eg et eg ikkje er aleine, at eg kjem til meg sjølv som den eg er, og slik livet er for akkurat meg.

DEN KRISTNE TRUA fortel om ein personleg Gud som let seg finne og som aktivt søker oss. Etter meir ein let seg finne av Gud, vil ein finne sin eigen plass. Del hjarta ditt så konkret så muleg med Gud, og jo fleire konkrete svar får du tilbake. Det er som i alle personlege relasjonar at ein må møte opp og gje av sin oppmerksomhet, vere open og lytte til den andre. Da får ein auka erfaring og kjennskap til seg sjølv og til Gud. Ein del av livsvandringa vår handlar om å bli kjent med våre innerste rom og korleis Gud gjev seg tilkjenne for oss, i den fasen av livet akkurat du befinner deg i.

Å VERE PÅ VEGEN i livet som menneske innebær mange fasar og prosessar. Då er det nyttig og ofte nødvendig å ha redskap og ein medvandrar som kan hjelpe ein til å speile, skjelne og reflektere. Kristen tradisjon har mange redskap til hjelp på denne vegen. Åndelig veiledning er ein av dei. Her spør ein «kven er Gud for deg?» Korleis gjev Gud seg tilkjenne i ditt liv? Kva er din djupaste lengt?» Skaparen handlar direkte med sin skapning slik at Gud kan erfarast i alt og alle, ikkje først og fremst på heilage stadar eller tider. Du finn spor etter Gud i ditt liv- i di eiga historie.

SANGEFJELL NATURKATEDRAL er ein av mange slike stadar ein kan søke til og vere. Neste side gjev eit innblikk i kapella som er der og brukarkatekisme for plassen.

Ingvild K. Stautland



Naturkatedralen på Sangefjell innbyr sine besøkande til opplevingar av stillhet, nysgjerrighet og undring.

BRUKERKATEKISME FOR SANGEFJELL NATURKATEDRAL:

- Turmål for deg og dine gjester
- Rasteplass ved ildstaden
- Meditasjon og stillhet
- Oase for dine pilegrimsvandringar
- Tenne lys med takk og bønn
- Opplevelsessted for barna
- Markering av viktige livsriter
- Ringe inn store høytider
- Stevne- og gudstjenesteplass
- Til å leve langsomheten

For meir informasjon om ideen bak Naturkate-dralen, kapella, høyalteret, klokkestøpulen og pilegrimsstien sjå: www.naturkatedralen.no



Skapelseskapellet for den indre reise.




Pilegrims-kapellet for den gode vandring.




Korskapellet for tilhørighet og tilgivelse.



Sinai-kapellet for budene på steintavlene.



Maria kapellet for kjærlighet og fruktbar-het.



Den Hellige Familie-kapellet for din egen hellige familie.

ARRANGEMENT

BABYSANG

Velkommen til alle babyer med mødre og fedre, eller en gomme eller goffa. Det blir sang, litt å bite i og et hyggelig sosialt møtested. Hver mandag kl. 11 i kyrkjestugu.

«VAFFEL OG SVALL»

En møteplass til å svalle om smått og stort i kyrkjestugu siste fredagen i hver måned fra kl. 11-13. Ta gjerne med deg håndarbeid eller en venn. Salg av vaffel og kaffe kr. 40,- Starter opp 27 sept.

ANDAKT I KÅRSTUGU

Hver onsdag er det musikkandakt i Kårstugu på sjukeheimen. Både for beboere, pårørende og gjester utenfra. Hver onsdag kl. 17.

SORGGRUPPER

Har du mistet noen du er glad i? Da kan det være fint å bli med i en sorggruppe. Ål kyrkje har følgende fire ulike gruppetilbud for innbyggere i hele Hallingdal:

- Ungdom fra 14-20 år
- Etterlatte etter selvmord
- De som har mistet en ektefelle eller en samboer
- De som står midt i et samlivsbrudd

Oppstart i løpet av høsten så fort det er nok påmeldte. Sted: Ål kyrkje, hver tredje uke. Ønsker du å melde deg på eller trenger du mer informasjon, ta kontakt med diakon Line Bakke på tlf: 928 50 434, eller på e-post: lb427@kyrkja.no

Niste på vegen



Etter skoletid

Vi vil få i gang etter skoletid igjen. Oppstart 7. oktober kl. 14. Men vi trenger frivillige med oss på dette. Er du en som vil hjelpe til mandager fra kl. 14-15:30 i skoleåret? Ta kontakt med Elin Tveito på mail: et429@kyrkja.no eller på kyrkja sin tlf: 90 713 766.

Formidagstreff

VATS BEDEHUS

25. september kl. 12. Foredrag ved Knut Veslegard. Tema: Aldri har sindige fjellbønder vore nærare clondykestemning enn dei var i reveoppdrett i mellomkrigstida. Andakt ved Liv Solberg. **30. oktober kl. 12.** Høstfest! Tema og torader ved Steinar Larssen. Andakt ved Vigdis Moen Storhaug. **27. november kl. 12.** Karen Margrethe Erlandsrud forteller fra boka si «Aller helst vil eg dansa.» Andakten blir en overraskelse! **29. januar kl. 12.** Foredrag ved Ole Reidar Lågrinn. Tema: Kriminalforebyggende arbeid i Hallingdal. Andakt ved diakon Line Bakke.

Familievernkontoret: 32 12 33 44

Samtaler for par, familier og enkeltpersonar. Kommunikasjon, konfliktløsning, foreldrerettpleiing, mekling m.m. Tilbodet er gratis. www.familievern.no • www.bufetat.no

Kirkens SOS: 22 40 00 40

Bankgiro: 2320.20.70272 - Vipps: 627063

SuperTorsdag

Husker dere SuperTirsdag? Middagstilbudet er i gang igjen, hver torsdag kl. 16-17.30. Da blir det servering av deilig hjemmelaget middag. Det koster 30,- kr pr. person og 100,- pr familie. Siste middag i år blir 20. desember.



ÅL KYRKJESTUGU

2. oktober kl. 11. Foredrag og andakt med Marit Bergstrøm Kolstadbråten med tema fra døvesenteret i Kenya. **6. november kl. 11.** Foredrag ved Ingvar Solberg. Tema: Frans av Asissi. Andakt ved Bente Sletten. **4. desember kl. 11.** Julestemning med Vigdis Moen Storhaug. Andakt ved Aslaug Holeplass. **8. januar kl. 11.** Besøk av Hilde Kirkebøen på hardingfele.



GUDSTJENESTER

ÅL

29.09.2024	19.00
13.10.2024	11.00
20.10.2024	18.00
27.10.2024	11.00
03.11. 2024	17.00
10.11. 2024	11.00
17.11.2024	19.00
08.12.2024	11.00

LEVELD

22.09.2024	11.00
03.11.2024	11.00
24.11.2024	11.00
01.12.2024	11.00

TORPO

29.09.2024	11.00
10.10.2024	11.00
03.11.2024	11.00
17.11.2024	11.00
29.11. 2024	18.00
15.12. 2024	11.00

VATS FJELLKYRKJE

29.09.2024	11.00
06.10.2024	11.00



VINNERE AV KONKURRANSE

Vinnere av duekonkurransen i forrige kyrkjeblad var Mollie og Tinus Trøan Bedin. Gratulerer!

Ny konkurranse, se siste side.

DØYPTE

ÅL BYGDAMUSEUM

Fanny Tveitehaug-Grønningen, 23. juni.

TORPO

Ine Toppen-Vanvik, 23. juni.

TORPO STAVKYRKJE

Kari Myklebust Bolstad, 29. juli.

LEVELD

Even Lågrinn, 12.mai. Vetle Bråthen Havardsgard, 11. august.

ÅL

Noelle Dramstad Andersen, 9. mai. Kenneth Thoen Lybekk, 12. mai. Tuva Myrestøl, 12. mai. Eleanor Dalby Silkstone, 4. august.

NYSTØLKYRKJA

Even Skurdal Slåtten, 28. juli.

VIGDE

ÅL

Silje Økland og John Håkonsrud, 22. juni. Ane Frøyen Dideriksen og Fredrik Sigmund Øvigstad Williksen, 17. august.

DØDE

ÅL

Jo Ivar Lia	f:1950	d:03.04
Svanhild Ekse	f:1936	d:19.05
Ola Perstølen	f:1943	d:20.05
Peder Brenno	f:1922	d:25.05
Tora A Strand	f:1931	d:05.06
Oddvar Plassen	f:1950	d:12.06
Margit Stølen	f:1925	d:22.06
Kåre O Myro	f:1960	d:08.07
Eilev Reidar Rotebakkdokken	f:1943	d:18.07

LEVELD

Tordis Skrindo	f:1929	d:12.05
Bjørn Sigvat Gurigard	f:1960	d:07.06

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET

Ope tysdag-fredag kl. 08.30-14.00 post.aal@kyrkja.no www.aal.kyrkja.no

PROST

Kristoffer Lønning Tørresen

SOKNEPREST

Geir Wiknes

VIKARPREST

Sigmund Bernhard Kruse

KYRKJEVERJE

Anne Gerd Jorde (vikar)

DIAKON

Line Bakke

KYRKJELYDSPEDAGOG

Gina Ingeborg Hagen

KYRKJETENARAR

Håkon Tveito Morten Storhaug Tom Vidar Myrestølen

SEKRETÆRAR

Guro Stave Elin Etterlid Tveito

MUSIKARAR

Vemund Olav Aukrust Ingunn Stræte Håkon Tveito

REINHALDAR

Kamila Pruchnik

SOKNERÅDSLEIAR

Frøydis Stoveland Dekko

FELLESRÅDSLEIAR

Arild Øystese Hansen

KYRKJEBLADET FOR ÅL REDAKSJON

Line Bakke Ingvild Kringebotten Stautland ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd PRODUKSJON Grafisk avdeling Hallingdølen Trykk: Trykk service AS





Barnas



Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn 10 språk

I rutenettet gøymmer det seg namnet på 10 forskjellige språk. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B

Vitsar

Eit eple spurde ein appelsin:
– Kvifor er det så mørkt her?
– Fordi pæra har gått.

Har du høyrte om høna som hadde fått feber?
Ho la berre kokte egg.

Finn fem feil

Her snakkar Jesus med ein liten familie.

Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Chiara Bertelli



KONKURRANSE MED 5 PREMIER

Fisken har gjemt seg på sider inne i bladet. Kan du finne ut hvor? Send sidetall, sammen med navn og alder på epost til: lb427@kyrkja.no og merk med "Fisk - kyrkjeblad 3-24." Vi vil trekke frem vinnere som får hver sin premie. Fristen er 15.10.24. Vinnerne blir kontaktet.



Ichthys eller fisken er kanskje det viktigaste symbolet frå kristendommen si første tid. Bokstavane i det greske ordet for fisk, «ΙΧΘΥΣ», er et akronym/forkortelse for «Ιησοῦς Χριστός, Θεοῦ Υἱός, Σωτήρ» (Iesous Khristos, Theou hyios, soter) som betyr «Jesus Kristus, Guds sønn, frelser». Symbolet vart på denne måten ein kort trosbekjennelse. De første kristne vart forfulgte, og brukte symbolet som hemmelig kode. Ved å teikne symbolet kunne ein trygt presentere seg som kristen for andre, uten fare for å avsløre seg for ikkje-kristne.